

## Søknad – Bygdevekstavtaler 2023

<b>Søknadsnr.</b>	2023-0037	<b>Søknadsår</b>	2023	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bygdevekstavtaler			
<b>Prosjektnavn</b>	Felles søknad frå Gulen og Masfjorden kommunar. Bygdevekstavtale			

### Kort beskrivelse

Kommunane søker no staten om midler til fase 1 i prosjektet. Midlane skal nyttast til at kommunane kan tydeleggjere og spisse sine utfordringar og førebu forslag til innhaldet i ein eventuell avtale med staten. Det overordna målet for ein evt bygdevekstavtale er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsetta næringsutvikling. Distriktet har ei rivande utvikling næringsmessig, men slit med å sikre nok attraktivitet i bygdene til å rekruttere kompetent arbeidskraft.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Prosjekteier</b>	Gulen kommune Org.nr:938497524 reidun.halland@gulen.kommune.n o	Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK	94506787

### Prosjektbeskrivelse

#### Bakgrunn

Fakta om Gulen og Masfjorden kommunar:

Samla folketal: omlag 3 896. (SSB 1.kv 2023).

Areal: 1153 km<sup>2</sup> som strekkjer seg frå øyriket ytst i Gulen kommune til Stølsheimen lengst aust i Masfjorden kommune.

Begge kommunar ligg i sentralitetsklasse 6 med lange avstandar internt i kommunane. Gulen kommune skårar i dag t.d. 3. høgast i landet på avstandar internt i kommunen.

Busetnaden i kommunane er spreidd, ein har likevel samla seg om 7 skulekrinsar. Det er etablert bygdesentra på Matre/Haugsvær, Hosteland, Sandnes, Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik. Alle med fullverdig servicetilbod med butikk, barne -og ungdomsskule og barnehagetilbod i tillegg til anna servicenæring. Gjennom ein felles bu- og arbeidsmarknad og offentleg samarbeid, er kommunane i dag tett knytt saman.

Kommunane er i ein unik situasjon med eit variert næringsliv som satsar på nye næringar. Masfjorden har ein solid posisjon i verdiskaping knytt til kraftproduksjon. Gulen har alt teke ein posisjon innan det grøne skiftet. Næringslivet i kommunane er skildra i EY si scenarioanalyse for Nordhordland, sjå vedlegg.

- Det føreligg per dd planar hos lokalt næringsliv som vil gje ei massiv utvikling av arbeidsplassar dei neste 5 – 10 åra, sjå vedlegg, arbeidsplassar som i større grad vil vere kompetansesarbeidsplassar enn det som tidlegare har vore tilfelle. Dels som følgje av større organisasjonar, dels som følgje av teknologisk utvikling. Dersom ein ikkje klarar å rekruttere til desse arbeidsplassane, korleis skal ein då lukkast med å utvikle næring her? Ein kan sjølv sagt basere seg på pendling, men det skaper ikkje samfunnsutvikling lokalt, det kan skape høgare «turn-over», noko som igjen gir høgare kostnader for arbeidsgjevar – og dersom alle pendlar så kan det til sist bli eit spm om kvifor arbeidsplassen skal ligge her?

Det er mao. ikkje arbeidsplassane som er problemet hos oss, men å skaffe folk til dei. Dette er utfordringar som kommunar innan sentralitetsklasse 6 typisk møter på og kommunen har gjennom arbeidet med ny samfunnsplan arbeidd mykje med desse problemstillingane. For kommunane vil det å oppretthalde og vidareutvikle bygdesentra med gode møtestader, fritidsaktivitetar for alle aldrar og etablere alternative bustadmoglegheiter vere avgjerande for rekrutteringa av kompetent arbeidskraft slik at næringslivet kan nå sine ambisiøse mål. Ein bygdevekstvtale vil såleis vere eit svært viktig hjelpemiddel slik at kommunane i fellesskap med næringslivet kan jobbe målretta mot betre rekruttering og auka folketal.

I arbeidet med ny samfunnsplan har Gulen kommune arbeidd mykje med utfordringar typisk for kommunar innan sentralitetsklasse 6. Å oppretthalde og vidareutvikle bygdesentra med gode møtestader, fritidsaktivitetar for alle aldrar og etablere alternative bustadmoglegheiter er avgjerande for rekruttering av kompetent arbeidskraft slik at næringslivet kan nå sine ambisiøse mål.

Målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsplan legg godt til rette for å skape resultat ved deltaking i pilotordninga for bygdevekstvtalar.

Lenke til samfunnsplanane ligg vedlagt i milepælsplanen.

Basert på kommunane sine samfunnsplanar legg kommunane følgjande aktuelle målsetjingar og tilhøyrande strategiar til grunn for ein avtale med staten:

1. Framtidsretta næringsliv med kompetent arbeidskraft:

- Kommunane skal vere attraktive vertskommunar for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv.
- Næringslivet skal vere variert og framtidsretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.

Strategiar:

- Kommunane skal vere initiativtakar til god samhandling med næringslivet for å ivareta og betre føresetnadane for næringsutvikling i kommunen.

- Legge til rette for at skule og næringsliv samarbeider om å auke talet på unge og vaksne som har relevant kompetanse og sikre at den yngre generasjonen har god kunnskap om karrieremoglegheiter i lokalt næringsliv.

2. a) Busetjing - mål for samfunnsutvikling:

- Kommunane skal ha attraktive bygdesenter med moglegeheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper.
- Kommunane skal i lag med private aktørar leggje til rette for berekraftige og gode butilbod i alle livsfasar.

Følgjande strategiar blir lagt til grunn for å gjennomføre dette:

- I samarbeid med næringsliv og private grunneigarar utviklar kommunane bygdesentra våre.
- Kommunane støttar initiativ frå næringsliv, lokale lag og andre drivkrefter som skapar møteplassar.

2 b) Busetjing - mål for barn og unge:

- Alle barn og unge skal få eit godt verdi -og utdanningsgrunnlag.
- Kommunane skal vi oppretthalde det høge tale på unge som fullfører vidaregåande opplæring.

Følgjande strategiar blir lagt til grunn for å gjennomføre dette: Sikre at born og unge har god kjennskap til det mangfaldige næringslivet i kommunane.

### **Aktiviteter fase 1**

Målgruppe for prosjektet er næringsliv, innbyggjarane i kommunen og tilflyttarar.

I arbeid med samfunnsplanen er det jobba mykje med nasjonale og regionale retningslinjer, og utredningar knytt til berekraftig lokalsamfunnsutvikling i tillegg til behovsskildringar knytt til attraktivitet og trivsel frå innbyggjarar og næringsliv.

Bygdvekstavtalen vil bidra til å operasjonalisere kunnskapen i konkrete tiltak.

Aktivitetar

1. Forventingsavklaring med staten.
2. Avstemme forventingar med lokalpolitikarane.
3. Samhandling og god dialog med næringslivet for å etablere felles satsingar på bygdvekst for å oppnå auka bustadattraktivitet og støtte opp om rekruttering til næringslivet i dag og i framtida.
4. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane.

Formidle kunnskap om kva som skal til for å skape bygdvekst til innbyggjarane.

**Samarbeidspartnere**

## 1. Gulen og Masfjorden Utvikling as (GMU):

Som del av ein felles bu -og arbeidsregion med eit næringsliv på tvers av kommunegrensene, har Gulen og Masfjorden felles næringsutviklingsapparat, GMU. Kommunane sitt næringsapparat GMU er ein sentral aktør for stimulering, koordinering og tilrettelegging av næringsmessige utviklingstiltak, og bidreg til at lokale verksemder blir koplå med forskings -og utviklingsinstitusjonar og innovasjonsmiljø for å vidareutvikle næring basert på dei fortrinna som finst lokalt.

## 2. Gulen og Masfjorden Næringsråd.(Førebels ikkje involvert i denne søknadsprosessen)

## 3. Region Nordhordland IKS:

Deltakarar: Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. (Førebels ikkje involvert i denne søknadsprosessen)

## 4. Vestland fylkeskommune v/ avdeling for innovasjon og næringsutvikling, (ikkje involvert i søknadsprosessen)

**Prosjektorganisering**

Styringsgruppe: Formannsskapa i Gulen og Masfjorden kommunar.

Prosjektleiår/prosessdrivar.

Prosjektgruppe: strategisk leiargruppe i kommunane, GMU, evt. næringslivsrepresentant, representant for kulturlivet.

Referansegruppe - involvere målgruppene, representativt utval

**Tids-/milepælsplan**

Startdato: 01.10.2023 Sluttdato: 30.11.2024 Er milepælsplan vedlagt søknaden: Ja

**Kostnad-/finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	2023	2024	2025	2026	2027	SUM
Innleige prosjektleiår	250 000	850 000				1 100 000
Interne ressurser (2 kommunar)	200 000	650 000				850 000
Møtekostnader, servering etc	20 000	65 000				85 000
Reisekostnader	2 000	5 000				7 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>472 000</b>	<b>1 570 000</b>				<b>2 042 000</b>

**Geografi**

**Vedleggliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
2023-03-20 Utvikling nye arbeidsplassar (DokID 293906).pdf	2 274 039	- 23.06.2023 -
2023-05-26 Scenarioanalyse Gulen og Masfjorden (DokID 293907).pdf	8 117 854	- 23.06.2023 -
Dokumentasjon utfordringer arbeidsstyrke inkl innpendling - søknad bygdevekstvtale.pdf	107 819	- 23.06.2023 -
Dokumentasjon utfordringer framskriving døme helse - søknad bygdevekstvtale.pdf	111 177	- 23.06.2023 -
Milepælsplan prosjekt bygdevekstvtale .pdf	158 511	- 23.06.2023 -
TILSLUTNING FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE MÅ ETTERSENDAST.pdf	35 486	- 23.06.2023 -
Tilslutning. Felles søknad frå Gulen og Masfjorden kommunar. Bygdevekstvtale 2023.pdf	50 540	- 23.06.2023 -